

Styremøte 5.feb. - 19  
kl.18 på Martin Linge-huset

Desse møtte. Solveig, Bjørg, Nelly, Mette Marie, Sunneva og Eva M.  
Solveig opna møtet med å lese dikt.

Sak 16/-19 Referat og orienteringar  
Årsplan ferdig, Bjørg har gjort ein fin jobb.  
Invitasjon til familiemiddag søndag 17.feb. er sende ut.

Sak 17/-19 Økonomi  
Momsrefusjon kr.5066, Norsk Tipping grasrotandel kr.1144.  
Innvilga søknad til Kulturbygging Fjord kommune kr.10000.

Sak 18/-19 Skulemat Valldal skule  
Avgrensa prosjekt over ein periode kanskje 3 veker ca.3 g. pr. veke  
etter vinterferien.  
Arbeidsgruppe Solveig og Nelly frå VBK+ personar frå skulen.  
Evaluering etter ei tid, sjå om det t.d. blir rolegare elevar.

Sak 19/-19 Søknad frå 6. kl. Valldal skule om gåvemidlar.  
6.kl. er vald ut som ei av ti 6. kl. i Noreg til å vere jury for  
Bokslukarprisen 2018.  
I leselystaksjonen skulle elevane lese utdrag frå 10 barnebøker, men  
somme las også bøkene fullt ut.  
Prisen blir delt ut i Oslo på verdas bokdag 24. april. Arrangøren  
dekkjer reise og opphald for lærar og 2 elevar.  
Heile klassa har arbeidd hardt med prosjektet,og sjølve teke initiativ til  
å søkje om å få vere juryklasse.  
Foreldre og lærar ynskjer at alle 14 skal få tur til Oslo.Turen blir fagleg  
nyttig, aktivitetar skal treffe læreplanen for ulike fag.  
Alle utgifter skal dekkjast felles, og elevane skal delta på diverse  
dugnader.  
VBK ser positivt på søknaden og gir 3000 kr. Styret legg vekt på at  
klassa har gjort ein flott innsats i ein nasjonal aksjon,  
og blitt trekte ut til å vere juryklasse. Styret ynskjer besøk av klassen  
med referat frå turen,  
og at klassen gjer seg kjend med kva VBK står for.

Sak 20/-19 Medlemsmøte i februar  
blir torsdag 28. Laget har søndagsmiddag 17.feb..

Sak 21/-19 Plan, datoer, innhald på møta første halvår  
Torsdag 28.feb.: Guatemala v/Mette Marie, Dikt v/ Nelly,suppe -  
Mette, kake - Nelly.  
Torsdag 28.mars: Referat frå fylkesårsmøte, orientering om  
samrådsmøte i Valldal.  
Måndag 29. april: Besøk av Ingrid Lamark frå NBK.  
Besøk av Harald Grytten til hausten.

- Sak 22/-19    Verveveke  
Mål for styret å verve ein ny medlem kvar. Andre medlemer som vervar ein ny, ta kontakt med Kristin Alstadsæter.
- Sak 23/-19    Forteljarkveld søndag 17.mars og bygdafest laurdag 13.april  
Begge kveldane skal skaffe inntekter til Martin Linge-huset.  
VBK blir spurde om å hjelpe til på begge arrangementa.  
Styret vel å hjelpe til på Forteljarkvelden, vi bakar og serverer kaffi i pausen.
- Sak 22/-19    Eventuelt  
\* Seterbøkene er ikkje forsikra der dei er lagra på Tafjord skule.  
\* Samrådingssmøte - overnatting: Nelly undersøker på Fjordhotellet og storhyttene på Muri.  
VBK kan vente ca. 60 til møtet. Laget må ha klar ein presentasjon til fylkesårsmøtet - Kristi?  
Eit styremøte berre om samrådingssmøte.  
Idear: Norddal verdsarvskommune, NBK verdsarvstatus - tradisjonsmat. Ordførar opnar møtet.  
Få besøk frå NBK - snakke om tradisjonsmat? Klatrepark, bowling, yoga, tovalåven, safteriet, fruktkjøp, seterbesøk?  
\* Blåtur

Sunneva Linge skrivar